



Får dei pris i september?

Det er i september det vert avgjort om Ole Kristoffer Vågen og Anja Strüter på Skorpo får årets Kulturlandskapspris for Hordaland på 50 000 koner. Dei er som ein av fire plukka ut til finalerunden. Denne veka har det vore ein stor delegasjon på synfaring på garden der dei no førebur osteproduksjon.

Med i delegasjonen var assisterande landbruksdirektør Åse Vaag, og seniorrådgjevar Steinar Sørli frå

fylkesmannen, Tore Slinning frå fylkeskommunen, Lars Taule frå Hordaland Bondelag, Jarle Helland frå Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og landbrukssjef i Kvinnherad Tore Eik.

Dei møtte også brørne Nils Rainer (11) og Jakob (9) og Jakob seier til Kvinnheringen at han vil bli bonde og buande på øya medan broren er meir tvilande. I tillegg til skulegongen er dei aktive i lags- og musikklivet.

Garden r på 15 på fulldyrka og ni dekar innmarksbeite og dei driv jord også på nabøøyane. Dei har både jersey og vestlandsfe. Båtrepasjon er ein tilleggsnæring

Tekst og foto: Kvinnheringen og Ola Matti Mathisen
Nett: Ola Matti Mathisen